



Heksedans under opninga av Falturiltu, med Stord Danseensemble. Foto: ANDERS TOTLAND

Opna ballet med hekседans

Stord Danseensemble sette stemninga då ei veke full av fantasi og fanteri blei opna i ettermiddag.

- [Anders Totlandanders@sunnhordland.no](mailto:Anders.Totlandanders@sunnhordland.no)

Publisert 02.11.2014 kl. 18.12. Oppdatert kl. 18.43.

A-A+

Søndag gjekk startskotet for årets utgåve av den nynorske barne- og ungdomsbokfestivalen Falturiltu på Stord. Årets festival har fantasi og fanteri som tema, og det er lagt opp til eit tettpakka program for den kommande veka.

Først ut under opningsfesten var Stordøya kvedarlag, som framførte sjølvne signallåten til Falturiltu–Kråkevisa. Deretter varta Stord Danseensemble opp med hekседans, til musikk frå oppsetjinga «Wich Witch». Det forrykande dansenummeret var ein smakebit på kulturskulen si framsyning «Måneskinssoldaten», av og med elevar i Stord kulturskule, som kan opplevast i si fulle form torsdag.



Festivalsjef Roald Kaldestad gav Johanne Engevik Olsen blom og diplom, som vinnar av konkurransen om å skriva årets sunnhordlandslåt. Foto: ANDERS TOTLAND

– Les meir!

Den lokale fantasyforfattaren Kristine Tofte introduserte publikum for den danske forfattaren Lene Kaaberbøl, som har skriva bøkene om «Skammerens datter», som også er utgangspunktet for

musikalen som studentar ved HSH har laga i samband med festivalen. Kaaberbøl nytta høvet til å komma med ei oppmoding til alle i salen:

– Det å lesa har gjort livet mitt rikare. Les meir, sa Kaaberbøl, og sende oppmodinga både til dei som les mykje og dei som ikkje les fullt så mykje.

Johanne Engevik Olsen framførte vinnarlåten frå årets sunnhordlandslåt-konkurranse, akkompagnert av bror og artist Endre Engevik Olsen, og fekk etterpå blom og diplom av festivalsjefen. Konkurransen er eit samarbeid mellom Falturiltu og Mediehuset Sunnhordland, og i juryen sat Roald Kaldestad, Berte Rommetveit, Magne Kydland og Linda Eide, som meinte Engevik Olsen er eit stort songtalent.



Kristine Tofte (t.h.) i samtale med Lene Kaaberbøl, forfattern av «Skammerens datter», som studentar på høgskulen har laga musikal av. Foto: ANDERS TOTLAND

– Fantastisk

Til slutt var det visesongaren og humoristen Tønnes sin tur. Den lågmælte musikaren frå Rogaland fekk raskt fram latteren i salen. Og om nokon skulle lura på kva Tønnes har å gjera på ein barnebokfestival med fantasi som tema, hadde festivalsjef Roald Kaldestad svaret klart:

– Det er fordi han er fantastisk, sa Kaldestad før han overlet scenen til sokndølen med gitaren.

Dette er åttande året Falturiltu blir arrangert på Stord. Blant dei som medverkar under årets festival finn me følgjande namn: Lene Kaaberbøl, Lars Mæhle, Kristine Tofte, Asbjørn Rydland, Tor Arve Røssland, Tønnes, Linda Eide, Erik Solér, Ragnfrid Trohaug, Arild Stubhaug, Gyrid Axe Øvsteng, Terje Torkildsen, Linn T. Sunne, Atle Hansen, Arnt Birkedal, Per Jan Ingebrigtsen, Janne Nerheim, Trio Vest og Finn-Erix.